



Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2026–2027

Vedteke i fylkestinget juni 2026

Innhald


Folkehelselova – ei berekraftig samfunnsutvikling	3
Rammene for handlingsprogrammet.....	4
Dei regionale folkehelseplanane frå Hordaland og Sogn og Fjordane	4
Utviklingsplan for Vestland 2024–2028	4
Mål, strategiar og innsatsområder.....	5
Hovudmål frå Utviklingsplanen	5
Mål frå dei regionale folkehelseplanane.....	5
Innsatsområde for strategiske tiltak, aktivitet og innsats	7
Tiltak 2026–2027	10

Folkehelselova – ei berekraftig samfunnsutvikling

Folkehelselova legg til grunnlaget for ein systematisk og langsiktig arbeidsmetode for berekraftig samfunnsutvikling.

Lova har som føremål å fremje folkehelse og livskvalitet, sikre gode sosiale og miljømessige forhold og redusere sosiale helseforskjellar. Lova set krav til langsiktig, kunnskapsbasert og samananhengande arbeid på tvers av sektorar.

I følgje lova skal fylkeskommunen skal fremje folkehelse innanfor sitt ansvarsområde gjennom regional utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting. Dette inneber ansvar for å samordne innsatsen, støtte kommunane og integrere folkehelseomsyn i all verksemd innan samferdsel, utdanning, næring, kultur, klima, miljø og regional planlegging. Lova krev at folkehelsearbeidet blir ein del av dei ordinære styrings- og planprosessane, og at fylkeskommunen nyttar rolla si som regional aktør til å skape heilskap og langsiktig retning. Frå 1.februar 2026 vart fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør er styrkt, med ansvar for å leggje til rette for forskning, utvikling og evaluering av kommunalt folkehelsearbeid. Stat og kommune har tilsvarande ansvar for fylkeskommunane i lova (figur 1).



Figur 1: Enkel framstilling av ansvar mellom kommune, fylkeskommune og stat

Det er fleire andre lover som er førande i folkehelsearbeidet; mellom anna plan- og bygningslova, integreringslova, lov om friluftsliv, naturmangfaldslova, opplæringslova og likestillings- og diskrimineringslova.

Rammene for handlingsprogrammet

Alle regionale planar i Vestland fylkeskommune skal ha eit handlingsprogram som viser korleis måla i planen blir følgde opp gjennom konkrete tiltak, ansvar og tidsplan. Handlingsprogrammet sikrar gjennomføring og blir oppdatert jamleg.

Dei regionale folkehelseplanane frå Hordaland og Sogn og Fjordane

Vestland har to regionale, likestilte folkehelseplanar som legg føringar for handlingsprogrammet: [Regional plan for folkehelse Hordaland 2014–2025](#) og [Regional plan for folkehelse Sogn og Fjordane 2015–2025](#). Planane vart utvikla omtrent samstundes, og skulle bidra til å implementere Folkehelselova frå 2012 i dei to fylka. Planane har gjennom val av temaområde bidrege til å løfte folkehelseperspektivet i samfunnsplanlegginga i Vestland. Temaområda frå dei to planane er dels overlappende og knytt til ulike samfunnssektorar og innsatsområde som kan påverke folkehelsa. Befolkningsstrategiar er lagt til grunn då måla og strategiane i planane blei utforma.-Regionale planar gjeld til dei vert oppheva ved vedtak, sjølv om dei ofte har ein utløpsdato i tittelen.

Dette dokumentet er eit rullert handlingsprogram med utgangspunkt i Handlingsprogram for folkehelse 2022–2025. Det konkretiserer tiltak som også skal følgje opp satsingsområde og hovudmål i Utviklingsplan for Vestland 2024–2028, samt delmål i gjeldande regionale planar for folkehelse frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Tiltak i rullert handlingsprogram skal styrke den strategiske retninga for folkehelsearbeidet i Vestland.

Utviklingsplan for Vestland 2024–2028

Utviklingsplanen er det overordna strategiske styringsverktøyet for å bidra til ei berekraftig utvikling. Fleire av måla og strategiane er sentrale for utvikling av folkehelsearbeidet i fylket, og gir styring for folkehelseområdet, i tillegg til dei regionale folkehelseplanane. I UPVL 2024–2028 vart det vedteke at dei regionale planane for folkehelse frå Sogn og Fjordane og Hordaland framleis skal vere gjeldande og gjeldande handlingsprogram rullerast. Det skal gjerast mindre tilpassingar som ikkje endrar hovudinnhaldet i planane. Tilpassingane skal sikre meir strategisk vekt på tiltaksutforming, men også følgje opp folkehelseoversikta og Utviklingsplanen.

Vestland har fått betre og oppdaterte kunnskapsgrunnlag sidan dei to regionale folkehelseplanane vart utarbeidd til vedtak i 2014–2015. Særleg viktig er utviklingsplanen, Folkehelseoversikta 2023–2027, og revisjon av folkehelselova. Dette krev justeringar i gjeldande handlingsprogram.

I planperioden 2024–2028 vert to nye sektorovergripande, regionale planar utarbeidd: Regional plan for areal og mobilitet omfattar den fysiske utviklinga og infrastrukturen i Vestland, og Regional plan for verdiskaping og kompetanse som skal gje overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for andre strukturar og fasilitetar som gir grunnlag for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland. Dei nye regionale planane femner om store berekraftsspørsmål knytt til verdiskaping, natur, miljø og sosial berekraft. Folkehelse med utjamning av sosiale helseskilnader,

mangfold og integrering er framheva som gjennomgåande plantema som skal inngå i begge dei regionale planane.

Mål, strategiar og innsatsområder

Handlingsprogram for folkehelse er ei oppfølging av ulike styringsdokument og oppdatert kunnskap. Her er ei oversikt på mål, innsatsområde for tiltaka i årsplanen basert på dei regionale folkehelseplanane og Utviklingsplan for Vestland 2024–2028.

Hovudmål frå Utviklingsplanen

Utviklingsplanen har fire satsingsområde som blir hovudmåla vi skal strekke oss mot i samfunnsutviklinga 2024–2028:



Mål frå dei regionale folkehelseplanane

Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014–2025 | *Fleire gode leveår for alle:*

- Det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseskilnader.

Regional plan for folkehelse i Sogn og Fjordane 2015–2025 | *Saman for god helse og trivsel:*

- Fremje trivsel, deltaking og meistring som gjev god helse og livskvalitet for innbyggjarane.
- Fremje trivsel, deltaking og meistring som, saman med gode levekår, gjev god helse og livskvalitet for innbyggjarane i Sogn og Fjordane.
- Få folkehelse inn i alle politikkområde for å skape helsefremmande lokalsamfunn, jamne ut sosiale helseskilnadar, sikre berekraft, føre-var tenking og medverknad («helse i alt vi gjer»). 3. Utvikle gode system og rutinar for å førebygge sjukdom, skade eller lidning.
- Utvikle gode system for utvikling og bruk av kunnskap om helse og førebyggjande faktorar i samfunnet.

Mål, delmål og strategiar i dei to gjeldande, regionale planane for folkehelse står seg framleis i møte med utfordringsbiletet i Vestland. Sidan planane var vedtekne, har fylkeskommunane fått større ansvar for integrering, og i tillegg folkehelselova er revidert, noko som speglast i tiltaka.

Vestland fylkeskommune gjer eit arbeid for å forenkle og forbetre det regionale plansystemet, og folkehelse er eit fagområde som krev både intern og ekstern samordning, og samarbeid. I arbeidet med dei nye regionale planane, er folkehelse eit gjennomgåande tema og det vert det vurdert kva tiltak frå folkehelsefeltet som kan inngå dei nye planane sine handlingsprogram. Vidare skal det gjerast ei vurdering på kva for tiltak som kan inngå i Vestland fylkeskommune si verksemdsstyring, som vil avklare korleis Vestland skal jobbe med å fremje folkehelse framover.

Innsatsområde for strategiske tiltak, aktivitet og innsats

Frå ei vurdering av dei regionale folkehelseplanane har identifisert følgande innsatsområde for felles retning i tiltak, innsats og aktivitetar i perioden:

1) Kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Kunnskapsbasert folkehelsearbeid er eit målområde i begge dei regionale folkehelseplanane. God oversikt over helsetilstand og utviklingstrekk i befolkninga, samarbeid med kunnskapsmiljø og bruk av både forskingsbasert og lokal kunnskap er avgjerande for å målrette folkehelsearbeidet.

2) Sosial utjamning


Sosial utjamning er eit sentralt målområde i dei regionale folkehelseplanane. Sosial ulikskap i helse utviklar seg gjennom heile livsløpet og heng saman med levekår, utdanning, arbeid og inntekt. Folkehelseoversikta i Vestland 2023–2027 viser tydelege sosiale skilnader i helse, og sosial utjamning er eit gjennomgåande perspektiv i Utviklingsplan for Vestland 2024–2028.

3) Trygge og inkluderande nærmiljø – uavhengig av alder og bakgrunn. Demografiske endringar med fleire eldre, færre yngre og eit meir mangfaldig Vestland stiller nye krav til planlegging og utforming av bustader, uteområde, transportløysingar og offentlege rom. Nærmiljø som er universelt utforma og aldersvennlege, legg til rette for deltaking, fysisk aktivitet, sosial tilhøyrslø og meistring gjennom heile livsløpet, og gir samstundes gode rammer for barn, unge og nye innbyggjarar. Slike nærmiljø er eit viktig verkemiddel for å fremje helse, styrkje livskvalitet og redusere sosiale skilnader, både i by og i distrikt.

[Regional plan for folkehelse i Hordaland](#) har også planretningslinjer som knytt til *heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming og lokalsamfunn, nærmiljø og bustad*.

4) Barn og unge – livskvalitet og psykisk helse

Barn og unge er ei særleg viktig målgruppe i folkehelsearbeidet. Helse og livskvalitet blir forma tidleg i livet og påverka av familie, oppvekstmiljø, utdanning og sosiale relasjonar. Opplevingar av meistring og tilhøyrslø, samt trygge overgangar mellom barnehage, skule og arbeid, er sentrale for å førebyggje utanforskap. Psykisk helse og livskvalitet er peika ut som hovudutfordringar både i folkehelseoversikta og i Utviklingsplan for Vestland 2024–2028.



Tiltak 2026–2027

Denne delen konkretiserer tiltak og innsats for 2026-2027. Den viser kva ein skal gjere og kven som har ansvar for å gjere det. Eit handlingsprogram kan innehalde tiltak som både fylkeskommunen og eksterne aktørar har ansvar for. Dei fleste av tiltaka eigd av Vestland fylkeskommune, men i samarbeid med både kommunar, Statsforvaltar i Vestland, FoU- og kompetansemiljø.

For å unngå dobbelrapportering, er ikkje tiltak frå andre handlingsprogram med i rullert handlingsprogram. Tiltaka i handlingsprogram for folkehelse er difor ikkje dekkande for alt folkehelsearbeidet i Vestland (fylkeskommune). Andre regionale planar og sektorområde i fylkeskommunen har handlingsprogram, strategiar og tiltak som set retning for betre folkehelse i Vestland:

- Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023–2035
 - Kultur bygger samfunn - Handlingsprogram 2023-2026
- Regional plan for klima 2022–2035
- Regional transportplan for Vestland 2022–2033
 - Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland
- Temaplan 2021–2025: Fornye og forbetre – auka gjennomføring
- Temaplan 2020–2024: Anleggspolitikk fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033
 - Berekraftig verdiskaping Handlingsprogram 2022–2025
- Temaplan for Vestland tannhelseteneste 2024–2036

Overbyggande tiltak | styrke samhandling og kunnskapsbasert folkehelsearbeidet både regionalt og lokalt i kommunane.

Nr	Tiltak	Ansvar	Periode	Plan for 2026 – 2027	Budsjett 2026
1.1	Systematisk folkehelsearbeid i Vestland 2026–2036	KFO, SFVL	2026–	Systematisk folkehelsearbeid i Vestland 2026–2036 er ei langsiktig, regional satsing for å styrkje kommunane si evne til å arbeide systematisk, kunnskapsbasert og i tråd med folkehelselova, men også som følge av fylkeskommunen sitt ansvar i §20, fjerde ledd og resultat frå Statens Helsetilsyn på folkehelsearbeidet i kommunane frå 2024. Systematisk folkehelsearbeid i Vestland 2026–2036 skal byggje varige strukturar i kommunane knytt til oversikt, planlegging, gjennomføring og evaluering, gjennom regionale partnerskap og læringsnettverk. Alle kommunar blir inviterte med, med universell deltaking og differensiert støtte ut frå behov og føresetnader. Planlegging av satsinga vert gjennomført i samarbeid mellom VLFK, kommunar, SFVL, FoU- og kompetansemiljø (HVL, UiB, FHI, Regionalt kompetansesenter for barn og unge, Kompetansesenter for rus og Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging), KS og Distriktssenteret.	Sektorbudsjett folkehelse og integrering: 9.500.000 kr. (Midlane kjem frå tidl. <i>Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017–2026</i>)
1.2	Samfunnsoppdraget – <i>Ingen barn og unge utenfor!</i>	KFO, NPI	2026–	I 2025 sette regjeringa i gang eit langsiktig og målretta samfunnsoppdrag om inkludering av barn og unge. Eit	Statlege midlar: 209.000 kr.

				overordna mål er å redusere utanforskap blant barn og unge betydeleg innan 2035. Samfunnsoppdraget er ei innovativ satsing der mange aktørar samarbeider om felles mål. Målet er å utvikle varige løysingar som reduserer utanforskap og styrkjer sosial utjamning, livskvalitet og deltaking for alle barn og unge. Helsedirektoratet har løyvd tilskot til kartlegging i Vestland: • Kartlegge status og eksisterande innsats. • Identifisere føresetnadar og barrierar • Kartleggje behov for forskning og innovasjon. • Føreslå ein modell for regional organisering. • Støtte utvikling av ein struktur for tverrsektorielt samarbeid Samfunnsoppdraget knyt seg tett opp til metode og samarbeidsform (stat, fylkeskommune, kommune og FoU-miljø) som kjent frå den 10-årige satsinga <i>Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017–2026</i>. NORCE utarbeider ein regional rapport som kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid. Denne blir ferdigstilt 2.kvartal 2026.	
1.3	Befolkningsundersøkingar og kunnskapsgrunnlag	NPI/KFO, FHI	2026	1) Folkehelseundersøkinga 2026 Vestland vert gjennomført kvart 4.år i Vestland og gir grunnleggande kunnskap av del av det lovpålagde oversiktsarbeidet (§21). Folkehelseundersøkinga vert sendt ut til 222 054 innbyggjarar i Vestland april 2026. Spørjeskjemaet vert tilbydd på norsk, engelsk, polsk og ukrainsk. Hausten 2026 vert første resultat og hovudrapportar lagt fram ved Folkehelseinstituttet og VLFK på Styrke i samspel-dagane. Resultata vert tilgjengeleg også på kommunenivå, og er	1) Sektorbudsjett NPI/plan, klima og analyse: 2.200.000 kr.

				eit viktig del av kommunane sitt lovpålagde oversiktsarbeid. 2) Vestland fylkeskommune har lagt tilleggsspørsmål til Folkehelseundersøkinga knytt til t.d. klima, diskriminering, bustad, beredskap, kvinnehelse, reiseliv som ikkje vert lagt fram eller analysert i hovudrapport frå FHUS 2026.	2) Sektorbudsjett folkehelse og integrering: 300.000 kr.
1.4	Reforma «Bo trygt hjemme»	SFVL, KS, Husbanken, VLFK, kommunar	2026 – 2027	Reforma «Bo trygt hjemme» har som mål å bidra til at eldre kan bu trygt heime, og at behovet for omsorgstenester blir utsett gjennom betre planlegging, førebygging og meir målretta tenester. Stortingsmeldinga om Bo trygt hjemme har satt opp resultatmål for reforma som samsvarar med mål, delmål og strategiar regionale planar og handlingsprogram for folkehelse: • <i>Levende og aldersvennlige lokalsamfunn som støtter opp under aktivitet, deltakelse og møte mellom generasjoner.</i> • <i>At flere skal ha tilgang til en egnet bolig i et aldersvennlig bomiljø.</i> • <i>Økt bruk av helse- og velferdsteknologi legger til rette for at flere eldre kan bo hjemme lenger.</i> Arbeidet som er gjort i «Leve heile livet», blir vidareført inn i «Bu trygt heime». Helsedirektoratet jobbar med ein nasjonal handlingsplan for korleis fleire eldre kan bu trygt og godt i eigen bustad lengst mogleg. Den regionale koordineringsgruppa for Bu trygt heime består av Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Husbanken, KS, fylkeseldrerådet og Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester.	

VLFK; Vestland fylkeskommune, KFO; Kultur og folkehelse, NPI; Næring, plan og innovasjon, FoU; forskning- og utviklingsmiljø, FHI; Folkehelseinstituttet, SFVL; Statsforvaltaren i Vestland

Tematiske tiltak | meir konkret karakter og i større grad knytt til fylkeskommunale verkemiddel

Nr	Tiltak	Ansvar	Periode	Plan for 2026-2027	Budsjett 2026
2.1	ABC-kampanje	KFO	2026–2027	- Informasjonskampanje: profilering og informasjonar i VLFK sine arenaer (VGS, tannklinikk, bibliotek, sosiale medium). - Arrangement: temadagar, ambassadør - Kurs og kompetanseheving: kurs, opplæringsmateriell, fagdagar ABC er ein nasjonal folkehelsekampanje som skal fremje god psykisk helse i heile befolkninga. ABC-modellen (act, belong, commit) er eit kunnskapsbasert rammeverk som syner at det å vere aktiv, inngå i sosiale fellesskap, og gjere ting ein synest er meningsfulle, styrkar livskvaliteten og den psykiske helsa. "ABC Vestland - sterkare saman" skal bidra til regional og lokal implementering av ABC-modellen og inspirera folk til å ta aktive val for si eiga og andre si psykiske helse.	Tilskot nasjonalt: 2.400.000 kr. Sektorbudsjett folkehelse og integrering: 400.000 kr. 2.000.000 kr. går inn i tilskotsordninga «Sosial utjamning og livskvalitet» for å stimulere organisasjonar og kommunar til å jobbe med ABC.
2.2	Papirlause menneske	KFO	2026–2027	Vidareføre transportstønad til papirlause menneske i Vestland, og samarbeide med dei relevante frivillige organisasjonane om oppfølging av transport- og tannhelsehjelp. Arrangere samarbeidsforum to gonga i året. Samarbeide med andre fylkeskommunar, og dele kunnskap i ulike fora for å vere pådrivar for politikkforming på feltet.	Sektorbudsjett folkehelse og integrering: 1.500.000 kr.

2.3	Kompetansetiltak integrering	KFO	2026–2027	Fagopplæring om negativ sosial kontroll hausten 2026 i samarbeid med Vestlandsnettverket. Vestlandsnettverket består av representantar frå Bergen kommune, Vest Politidistrikt, IMDi, Bufetat, Utlendingsdirektoratet, NAV, RVTS Vest og Vestland fylkeskommune. Integreringsfagleg webinar (kompetanseheving for kommunane) og Integreringsfaglege innlegg på Styrke i samspel-dagane.	Sektorbudsjett KFO: 120.000 kr.
2.4	Skeiv ungdom i Vestland	KFO, OPK	2026–2027	Følgje opp vedtak knytt til PS 66/2025: Styrkje innsatsen for betre levekår for skeiv ungdom. Kartlegging av kompetanse og pågåande tiltak i dei vidaregåande skulane, i samarbeid med skulane sjølve. Samle brukarorganisasjonar og frivillige aktørar til workshop for å identifisere barrierar for deltaking i fritidsaktivitetar, støtte trygge arenaer og skape møteplassar for skeiv ungdom og familiarne deira. Arrangere webinar for å auke kunnskap om kvifor skeiv ungdom i dag er underrepresenterte i fritidsaktivitetar, og kva som kan gjere deltakinga høgare.	Sektorbudsjett folkehelse og integrering: 200.000 kr.
2.5	Fiskesprell	KFO		Fiskesprell er eit nasjonalt kosthaldsprogram som skal bidra til at barn og unge et meir sjømat. Programmet samarbeider med tilsette i barnehage, SFO og skule for å spreie sjømatglede og leggje til rette for at sjømat blir eit naturleg og attraktivt val i kvardagen. Tre kurshaldarar held kurs i Vestland for	Statlege midlar: 200.000 kr.

				barnehagar og for BUA på VGS. Planlegg 15 kurs i 2026.	
2.6	Etablere fleire møteplassar for ungdom	VLFK, OPK	2026–2027	Sosiale møteplassar utanfor skule- og arbeidstid gir eit grunnlag for å skape nye relasjonar, etablere sosiale nettverk og redusere einsemd. Arbeidet med implementering av ordninga med gratis utlån av lokale for aktivitetar for barn og unge under 20 år held fram i 2026 (PS 78/2025, OPPKO). I tillegg jobbar skulane med ulike sosiale arrangement som til dømes; skulefrukost, leksehjelp, open skule på ettermiddagen, open gymsal i friminutt. Ofte er det eigne miljøteam på skulane som arrangerer desse aktivitetane saman med elevrådet og elevmentorar. Her framhevar skulane den viktige rolla miljøkoordinatorane har i høve til dei ulike trivselstiltak.	
2.7	Utarbeide kunnskapsgrunnlag eteforstyrningar i Vestland fylke	KFO/OPK	2026	Oslo Economics vann hausten 2026 anbod på å utarbeide eit kunnskap. Oslo Economics, og leverer kunnskapsgrunnlag 1.april 2026. Kunnskapsgrunnlaget skal leggst fram som referatsak i løpet av 3.kvartal i 2026. Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd som følgje av tilleggspunkt i handlingsprogrammet i 2022 og tiltak 2.17	Sektorbudsjett KFO: 200.000 kr. (2025)
2.8	Samarbeidsavtale med Rådgivning om spiseforstyrrelser	OPK	2026–2029	Samarbeidsavtale med organisasjonen Rådgivning om spiseforstyrrelser (ROS) vart iverksett som følgje av tilleggspunkt til handlingsprogrammet i mars 2022. Avdeling for opplæring og kompetanse	Budsjett- og økonomiplan 2026–2029: 1.000.000 kr./årleg


				har hatt samarbeidsavtale med ROS sidan sidan 2022, og er vidareført for 2026–2029.	
2.9	Styrke det skade- og ulukkesførebyggande arbeidet i Vestland	KFO	2026–2027	Vestland fylkeskommune er medlem av det nasjonale nettverket Skadeforebyggende forum (Skafor). Skafor har samarbeid med ulike kommunar i Vestland. Kunnskap og kompetanseheving ivaretatt i samarbeidesarena med kommunar, FoU-miljø og SFVL i Folkehelsenettverket Vestland og oversiktsarbeidet (§21 i Folkehelselova), men er også relevant knytt til tiltak 1.1. Vestland fylkeskommune er også i arbeid med sertifisering som Trafikksikker fylkeskommune.	Sektorbudsjett KFO: 50.000 kr.
2.10	Sjølvmordsførebygging i Vestland fylkeskommune	KFO	2026–2027	Framhald med å følgje opp kunnskapsgrunnlag frå 2023: - Kompetanseheving og kurs tilsette i VLFK - Kompetanseheving i vidaregåande for opplæring/elevar og tilsette Andre innsatsar under utvikling/vurdering i tråd med kunnskapsgrunnlaget frå SINTEF/FHI.	Sektorbudsjett KFO: 256.000 kr.
2.11	Vestland fylkeskommune skal jobbe aktivt med inkludering og likeverd	VLFK; KFO, NPI, OPK, ORO	2026–	Eit inkluderande likeverdsperspektiv skal leggjast til grunn hos fylkeskommunen som organisasjon/arbeidsgjevar, tenesteytar og samfunnsutviklar. Vestland fylkeskommune skal jobbe aktivt med inkludering og likeverd mellom anna gjennom: • Å fremje gjennomføring av CRPD	

				• Mangfald, inkludering og integrering som gjennomgåande plantema i regional plan for verdiskaping og kompetanse. • Inkludering i Vest • Samfunnsoppdraget – <i>ingen barn og unge utenfor!</i> (sjå tiltak 1.2) • Handlingsprogram til regional plan for kultur med delmålet at kulturlivet skal bygge på likeverd og mangfald, og motverke utanforskap: ○ Fjerne barrierar for deltaking og sikre universell tilgang ○ Styrke kompetanse, mangfald og ansvar i kulturlivet ○ Frivillig kulturliv, idrett og friluftsliv som arena for inkludering og mangfald UPVL 2024–2028 har grunnleggjande menneskerettar og deltaking for alle er gjennomgåande tema gjennom heile utviklingsplanen. Prinsippet om at ingen skal utelatast er løfta inn i utviklingsplanen som berande prinsipp i arbeidet.	
2.12	Vestland som universelt utforma samfunn	VLFK, KFO	2026–	• Ferdigstille rettleiar for bruk av samarbeidsavtalane med FFO Vestland og SAFO Sørvest, og gjere avtalane kjent i organisasjonen • Utarbeide eit e-læringskurs om universell utforming for tilsette i Vestland	Sektorbudsjett folkehelse og integrering: 350.000 kr.

				fylkeskommune, ved bruk av e-læringsplattformen Mer kompetanse Arbeide for at fleire kommunar i Vestland deltek i KS sitt nettverk for universell utforming Gjennomføre nytt Mind the Gap seminar i forbindelse med mangfaldsdagen 5. juni 2026. Avdeling Eigedom og utvikling utviklar saman med leverandør ei løysing for visning av universell utforming av VLFK sine skuler og tannklinikkar. Det vil bli gjeve tilgang til UU-informasjon via skulen og tannklinikken si webside, og brukarar kan finne vegen gjennom bygget basert på eigedom sine 3D-modellar av bygningane.	
2.13	Vestland som antirasistisk sone	VLFK	2026–2027	Vestland fylkeskommune som antirastistisk sone held fram med nye midlar frå Bufdir. Det er planlagt samarbeid med Likestillingssenteret KUN, Raftostiftelsen og RVTs Vest om ulike tiltak for å auke mangfaldskompetanse og spreie kunnskap i arbeidet mot rasisme i fylket.	Sektorbudsjett KFO: 100.000 kr. Bufdir: 400.000 kr.
2.14	Trygge overgangar hjå barn og unge	Mobbeombodet, VLFK	2026–	Fråfall og utanforskap startar tidleg i oppveksten. Gode og trygge overgangar mellom barnehage og skule er avgjerande for læring, trivsel og meistring – og såleis viktig arena for sosial utjamning. I overgangar mellom barnehage, skule og vidaregåande kan mobbeombodet ha ei rolle som lågterskel ressurs for refleksjon, kompetanse og systemstøtte. Mobbeombodet skal ikkje ta over lovpålagte oppgåver, men bidra til at overgangar blir forstått og handtert som førebyggjande	Innanfor budsjetttramme for Avdeling for organisasjon og økonomi

				tryggleiksarbeid. Gjennom rettleiing, faglege innspel og støtte i saker som omhandlar førebygging og handtering av krenking og mobbing i skule og barnehage kan mobbeombodet bidra til betre samhandling, kontinuitet og sosial utjamning.	
2.15	Kompetansestøtte Mobbeombodet	Mobbeombodet, VLFK	2026–	Mobbeombodet skal vere eit lågterskeltilbod som støttar barnehage, SFO og skule i deira arbeid, utan å ta over deira lovpålagte ansvar. Gjennom faglege innspel, rettleiing og refleksjonsstøtte skal mobbeombodet bidra til inkluderande praksis, styrkt relasjonell kompetanse hos vaksne, autoritativ rolleutøving og tidleg reguleringsstøtte, med særleg vekt på førebygging av relasjonelle krenkingar og sosial ulikskap.	Innanfor budsjetttramme for Avdeling for organisasjon og økonomi

VLFK; Vestland fylkeskommune, KFO; Kultur og folkehelse, NPI; Næring, plan og innovasjon, OPK; Opplæring og kompetanse, MOK; mobilitet og kollektivtransport, INV; Infrastruktur og veg, ORO; Organisasjon og økonomi, EIU; eigedom og utbygging, FoU; forskning og utvikling, FHI; Folkehelseinstituttet, SFVL; Statsforvaltaren i Vestland



vestlandfylke.no